



Kartverket

PÅL-JØRAN CARLSEN  
HAGELLIA 6  
5914 ISDALSTØ

Bestiller: post@arkbc.no  
Vår referanse: 2720197/17453879  
Bestilling: C3 2022-01-04 (7) 48

Dato  
04.01.2022

### Kopi av dokument fra vårt arkiv

Dere har bedt om en bekreftet kopi av følgende dokument fra arkivet:

<b>Dok.nr.:</b>	<b>Embete:</b>	<b>Registrert:</b>	<b>Rettsstiftelse:</b>
1380	51	2.3.1967	JORDSKIFTE

Dokumentet er registrert på blant annet følgende eiendom:

<b>Knr.</b>	<b>Gnr.</b>	<b>Bnr.</b>	<b>Fnr.</b>	<b>Snr.</b>
4631 ALVER	485	1	0	0

Dokumentet følger vedlagt.

Dokumentet følger ikke vedlagt. Vi kan ikke finne det i vårt arkiv.

Det finnes mye nyttig informasjon på våre nettsider [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no). På <https://seeiendom.kartverket.no> er det mulig å se hva som er tinglyst i grunnboken. Ta også gjerne kontakt med vårt kundesenter på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er åpent alle hverdager fra klokken 08.00 til 15.00.

Med hilsen  
Statens kartverk Tinglysing



1380 2/3-67  
Saks nr. 1/1965 - 2.3.77  
Kontrollert av  
STATENS KARTVERK

Utskrift  
frå

rettsboka for Ytre Nordhordland jordskifterett for det som  
etterstående vedkjem:

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

År 1966, den 21. april vart jordskifterett  
sett i huset til Trygve Selbak på gnr. 85,  
Vettås nordre i Radøy herad.

Rettsformann: Jordskiftedommar Sverre Aardal.

Jordskiftemenn: 1. Normann Villanger, Villanger.  
2. Asmund Nøttveit, Manger.

Protokollfører: Jordskifteteknikar Nils Klakegg.

Sak nr. 1/1965.

Saksøklar: 1. Trygve Selbak, eigar av gnr. 85, bnr. 10  
i Radøy.

Saksøkte:

- |                       |                           |          |
|-----------------------|---------------------------|----------|
| 1. Olav A. Vetås,     | eigar av gnr. 85, bnr. 13 | i Radøy. |
| 2. Harald H. Vetås,   | " " " 85, " 1             | " "      |
| 3. Ole G. Vetås,      | " " " 85, " 2             | " "      |
| 4. Olav Frydenlund,   | " " " 85, " 4 og 6        | " "      |
| 5. Mons H. Vetås,     | " " " 85, " 7             | " "      |
| 6. Johannes B. Vetås, | " " " 85, " 8             | " "      |
| 7. Konrad R. Vetås,   | " " " 85, " 9             | " "      |
| 8. Ludvig Remme,      | " " " 85, " 11            | " "      |

Saka gjeld: Krav om grensegang og bruksrett til veg frå  
gnr. 85, bnr. 10 sin eigedom og over gnr. 85  
bnr. 13 sin eigedom og fram til fylkesvegen.

Til stades i retten var: Trygve Selbak, Olav A. Vetås,  
Harald H. Vetås, Ole G. Vetås, Olav Frydenlund,  
Konrad R. Vetås og Ludvig Remme.

Mons H. Vetås og Johannes B. Vetås var lovleg varsla, men

møtte ikkje.

No vart opplyst at eigar av gnr. 85, bnr. 4 og 6 var Svein Olav Olavsen Frydenlund som er umyndig og verje for han er Ludvig Remme, og Ludvig Remme sa seg samnd i at varslinga var i orden for bnr. 4 og 6 i og med at brukaren Olav Frydenlund var varsla.

Rettsformannen las opp §§ 106-108 i domstollova og etter tilspurnad frå rettsformannen kom der inga innvending mot retten si samansetjing og retten sa seg gild i saka.

Båe jordskiftemennene har før gjeve den påbodne lovnad som jordskiftemenn.

Framlagt i retten vart:

1. Krav om denne grensegang av 19/1 1965 frå Trygve Selbak.
2. Innkalling av 24. mars 1966 til dette rettsmøtet med førebels og endeleg mennsoppnevning vedhefta postkvittering av 25/3-1966 for rek.brev til alle partar.

Dessutan vart hatt til stades i retten:

1. Rettkjend utskrift vedkomande innmarka til gnr. 85, Vettås nordre i Radøy, tinglest 24/2 1902.
2. Jordskiftekart av innmarka til bnr. 7 - 13 på Vettås, gnr. 85 i Manger herad, oppteke 1899 av Endresen.

Dei framlagde dokument vart opplesne, og av det til stades hadde dokument vart opplese så mykje som dei møtande ynskte.

No fekk saksøkjaren Trygve Selbak klårgjera for jordskifteretten kva kravet hans galdt, og han ba herunder om at grensa for veg nr. 3 måtte verta fastlagt gjennom tunet til bnr. 13 og grensa måtte ordnast slik at han kom inn på veg nr. 1 frå si innmark og herfrå etter veg nr. 1 fram til veg nr. 3. Vegnummera reffererar seg til innmarksutskiftinga på Vettås nordre. Han ba også om at vedlikehaldsplikta vart



vurdert på ny for vegparsellen, del av veg nr. 1 og veg nr. 3 frå innmarka hans og fram til bygdevegen.

Deretter fekk dei saksøkte forklara seg og herunder kom det fram at det ville vore ynskjeleg å få fastlagt grensene og vurdert arbeidsplikta på ny for alle dei 4 utlagde vegar frå utskiftinga på Vettås nordre si innmark. Det kom no fram at det var uklårt om alle bruka på gnr. 86, Vettås søndre hadde rett i vegane på Vettås nordre etter innmarksutskiftinga der. No var ikkje eigarane på Vettås søndre innkalla til denne sak.

Seinare på dagen møtte likevel Johannes Vetås, eigar av gnr. 86, bnr. 7, Hermann Vetås, eigar av gnr. 86, bnr. 3, Hellemann Vetås, eigar av gnr. 86, bnr. 4 og Andreas A. Vetås, eigar av gnr. 86, bnr. 2 og desse fekk uttala seg om den eventuelle vegrett til gnr. 86, og mellom dei møtande eigarar frå Vettås søndre var det delte meiningar om dei hadde vegrett på Vettås nordre eller ikkje. Etter dette vart det til at ingen krov saka utvida, då ikkje alle eigarane på Vettås søndre kunne møte i retten no.

No tok retten saman med partane synfaring på veg nr. 1-4 frå utskiftinga. Det synte seg at grensa var noko uklår for veg nr. 1 og 3 i tunet til bnr. 13 og opparbeidingsplikta kan vurderast på ny i samsvar med § 4 fjerde ledd jfr. § 35 første ledd i jordskiftelova. Deretter gjorde jordskifteretten samrøystes vedtak om å fremja saka.

Partane krov at veggrensa vert å fastleggja i samsvar med jordskiftekartet og den omleggjing som er turvande på grunn av bygningar i tunet til bnr. 13.

Det kom fram at det i realiteten ikkje var usemje om veggrensa eller bruksretten til vegen og ingen av dei møtande partar sa noko imot ei grense som vart synt dei i marka før

ho vart avmerka og nedskriva.

Dessutan sa Harald H. Vetås, Ole G. Vetås og Olav Frydenlund med Ludvig Remme seg samde i å taka del i opparbeidsplikta og vedlikehaldsplikta for den i denne sak handsama del av veg nr. 1 og veg nr. 3 slik som seinare fastsett i saka. Dette på grunn av at dei kan nytta vegen som utmarksveg.

Grensa for del av veg nr. 1 og veg nr. 3 frå utskifting av innmarka til gnr. 85 Vettås nordre i Radøy herad skal gå slik:

Grensa tek til i 7. grenseline frå innmarksutskiftinga i søre kant av veg nr. 1 i merkestein og går i rett line SV 13,5 m til kross i stein, herfrå i rett line SV t S 6,85 m til kross i stein, herfrå SV etter murkanten 8,9 m til kross i stein, herfrå i naturleg vegkurve etter den gamle veg 20 m til nordaustre hjørna av lóa til bnr. 13 og herfrå etter den no brukte veg nr. 3 vest og sørvestover til fylkesvegen. Der denne veg er avmerka i tunet til bnr. 13 skal vegen liggja på nordvest- og nordsida av den skrivne veggrense og vegen går over innmarka til bnr. 13. Vegen skal ha ei breidd av 3 m, der det er turvande med grøfter kan desse leggjast i lukka grøft under vegbana. For å få berre ei grind og god vegkurve ònn til bnr. 10 ved grense 7 kan grind oppsetjast rett over den her skrivne veg og her er utsett ein merkestein på nordvestsida av vegen 3,5 m frå først nemnde merkestein i denne sak. Grind over den her skrivne veg ved grense 7 skal oppsetjast og vedlikehaldast av eigaren av gnr. 85, bnr. 10.

No syner det seg at driftsforma tilseier at alle bruk ynskjer god køyreveg til utmarka og av den grunn har ein funne at bruk som ikkje har hatt opparbeidingsplikt i denne



veg, no vert teken med og retten har etter skjøn og vurdering fastsett opparbeiding- og vedlikehaldsplikta for dei ymse bruk under gnr. 85 Vettås nordre i Radøy herad slik:

Gnr. 85, bnr. 1	med	8 %
" 85, " 2	"	8 %
" 85, " 4 og 6	"	8 %
" 85, " 7	"	12 %
" 85 " 8	"	12 %
" 85, " 9	"	8 %
" 85, " 10	"	23 %
" 85, " 11	"	5 %
" 85, " 13	"	<u>16 %</u>
	Sum	100 %

Når vegen vert utvida i tunet til bnr. 13 skal dei som har opparbeidingsplikta setja opp like tenleg og pen bakkemur som der er i dag.

Formann for vegarbeidet er eigaren av gnr. 85, bnr. 13 som tilseier partane og førerrekneskap for innkjøpt materialar.

Arbeidsplikt kan ikkje krevjast i dei vanlege onnetider. Vegen er til bruk for dei opparbeidspliktige som køyreveg.

Kostnader:

-----  
Sum kr. 289,70

Jordskiftekostnadene vart friviljug betalt av Trygve Selbak.

Den tinglyste avskrift vert å taka vare på av eigaren av gnr. 85, bnr. 10 til sams bruk for alle i saka interessera. Verdet av det omtvista er under kr. 500,-.

Saka vart kunngjord ved opplesing av rettsboka i huset

til Trygve Selbak den 21. april 1966.

Saka vert sett i verk den 1. august 1966 under tvang etter lova.

Til stades ved opplesinga var: Olav Frydenlund,

Harald H. Vetås, Olaf A. Vetås, Konrad R. Vetås,

Ole G. Vetås, Ludvig Remme og Trygve Selbak.

Rettsformannen gjorde greie for ankereglane.

Etter tilspurnad frå rettsformannen kom der inga innvending mot leiinga av retten eller føringa av rettsboka.

Retten heva.

Vetås i Radøy den 21. april 1966.

Sverre Aardal. (s.)

Asmund Nøttveit. (s.)

Normann Villanger. (s.)

Rett avskrift:

